

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 3

desember 2003

Årgang 13



Ola Hilmen spelar for Halvard T. Bjørgum

*Styret for Valdres Folkemusikklag vil ynskje alle medlemmer og Låt o linklesarar **ei retteleg god jul og eit godt nytt år!** Me takkar for god innsats til fremje for kulturarven i året som gjekk og håpar me samla kan greie utfordringane som ligg føre oss i komande år!*

Jolestev frå Setesdal

No lid det so at ho vender soli,
no kjem ho atte den glade joli.
Ho byd deg lykke og sålebot
Om du er då so at du tek imot

Eit år hev runni no vender soli,
no kjem ho atte den glade joli.
Snjoen glitrar i dal på tind,
og eg kjenner vårlengten smyg seg inn.

2004 – EIT SPANANDE ÅR FOR VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

Bygda dansar, Den norske folkemusikkscena, Munnharpefestivalen, Landskappleiken 2006 er oppgåver Folkemusikklaget skal ta fatt på i 2004 – i tillegg til Strunkeveko, Jørn Hilme-stemnet og det jamlege arbeidet gjennom året.

Les meir side 4.

NY LEIAR FOR JØRN HILME-STEMNET.

Anne Marie Aastad Bråten seier frå seg vervet som leiar av hovudnemnda for Jørn Hilme-stemnet 2004.

Grunnen er hardt arbeidspress utanom hobbyen. Me takkar Anne Marie for innsatsen ho har lagt ned både som hovudnemndsleiar og som leiar av tevlingsnemnda tidlegare år. Ein av grunnane til at Anne Marie vart "headhunta" til leiar var evna til å tenkje organisering og modellar for å få til

smidige nemndsstrukturar. Modellen vart prøvekjøyrd sist sumar og er på rett veg.

Å sortere vekk dette vervet når totalbøra måtte lettast, - det sat nok langt inne. Jørn Hilme-stemnet har vorte eit "hjardebarn" som ho talar varmt for i alle samanhengar. Men med så mykje tid og innsats som Anne Marie har lagt ned i dette ynskjer me henne ei god velfortent pause. - Ja, for pause blir det, - med komande utfordringar skal me alltid etterkvart finne eit nytt høveleg verv for henne. Takk for innsatsen så langt, Anne Marie!

Styret har ikkje i skrivande stund greidd å finne ny leiar. Me tek gjerne imot tips frå dykk som les Låt o

Link, - både tips til leiarvervet og til andre oppgåver for Jørn Hilme-stemnet, for Munnhørefestivalen som er lagt til Fagernes 24.-26. september (10 års-jubileum), for Landskappleiken på Beitostølen 2006, og for... Puh, - - det er visst godt me har høve til å lyse ut stilling og auke kontorhjelpa! Men så var det dette Bygda Dansar, Strunkeveko, Folkemusikkscena... som skal nyte godt av det attåt JH-stemnet og Vfl. Mange ballar i lufta? Ja, slik skal det vera!



Oddrun og Ingebjørg

Oddrun Hegge

YNGRETREFF!

Kom på yngretreff laurdag 14. februar på Skrautvål skule. Flinkle lærarar på langeleik, hardingfele, vanleg fele, toradar, song og dans. Gratis pizza. Brus får du kjøpt. Konsert og loddsal klokka 1600. Informasjon og påmelding til Gustav Berger, tlf. 61 36 38 01. Barn og unge frå heile Valdres er velkomne, og kurset er gratis.

Arrangør: Vårflaumen spel- og dansarlag og Øystre Slidre spel- og dansarlag

Lær den verdsberømte

Hallingdansen!

Torsdag 15. januar kl. **18.00** er oppstart på eit hallingkurs for tøffe jenter og tøffe gutar. Her får ein lære mellom anna kruking og hallingkast. Læraren heiter Hallgrim Rogn. Han er 19 år og veldig flink. Spelgutane er også veldig flinke:

Kjellbjørn Karsrud og Jogrim Søyland. Kurset blir på **gamle** Fagernes barneskule.

Påmelding til Ole (90763635) eller Bjørn (61363700).

NYTTÅRSHELG PÅ FOLKEMUSIKKVIS

Mø ynsji ALLE – store og små –
Te fest på Herang – ja dit må du gå!
Kom klukka sju, o ta mæ de sending,
I år so æ prisen 100 i peing.

Lika du danse så kjem du på festen.
Trø dansen i sko enn på sokkelesten.
Før musikk ha mø, tå alle slag,
Mæ blest i belgen og bøgadrag.

Mæ øl frå Valdres Gardsbryggeri
Feira mø nyttår utta fyrverkeri!
Mø helsa det nye året med bål,
Mæ geversalut og ølbølleskål.
Utpå natte då æ festen slutt,

Då går mø heimatt, jente so gut.
Kjem du langvegs i frå, o lyt ha ei seng
Ordna mø det før lite meir peng.

Men høyr: dagen før har mø **6.dagsfest**,
Då venta mø de so utkledd gjest.
Før julebukkmoro æ tradisjon her,
Mø glea uss agalaust te sjå de der!!!

Meld de på te nr 61 34 01 98, enn send ein e-mail te
nyttarsfest03@yahoo.no , og sei i frå ko du har tenkt å ta mæ de so sen-
ding. Det æ gratis før dei unde 15!!! Meld de på inna 20. desember!!!

Med helsing frå Øystre Slidre spel- og dansarlag

FEMTEDAGSFESTEN

Vårflaumen spel- og dansarlag
og Etnedal spel- og dansarlag
ber inn til femtedagsfest på **sam-
funnshuset i Etnedal**. Tom
Kjetil Tørstad, Jostein Hillestad,
Thomas Hillestad, Daniel Stor-
engen og Tor Bekkelund syrgjer
for skikkeleg danselæte. Frå
klokka 1900 blir det
oppfriskingskurs i runddans for
dei som har lyst. Festen tek til
klokka 2100. Aldersgrense 20
år. Inngang kroner 150,-.

Alle hjarteleg velkomne!

JULEBUKKMORO PÅ FOLKEMUSIKKVIS!

Sjattedagsfest i Spelemannstogo

Kle deg ut som julebukk, og kom på julebukkmoro klokka 20.00.
Premie for beste utkleddning!
Maskefall klokka tolv. Dei som ikkje vil kle seg ut, men berre vil sjå, er og
velkomne!

Helsing Øystre Slidre spel- og dansarlag

2004 – EIT SPANANDE ÅR FOR VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

Bygda dansar, Den norske folkemusikkscena, Munnharpefestivalen, Landskappleiken 2006 – alt dette er spanande oppgåver som styret i Valdres Folkemusikklag har begynt å arbeide med, og som me skal følgje opp i 2004.

Det er gode sjansar for at Valdres og Oppland får midlar til prosjektet Bygda dansar, eit prosjekt som går over tre år, og som skal rekruttere ungdom til jamlege dansesamlingar. I neste omgang kan dei som satsar mest, bli med i eit danse-ensemble som utviklar eit sceneprogram.

Dagleg leiar i Valdres Folkemusikklag, Solveig Hårdnes, er spurd om å vera leiar for prosjektet i Oppland, og er interessert i det. Difor har ho bede om å bli friteken for ein del av arbeidet ho i dag har for Folkemusikklaget. Ho og styret har kome fram til at me engasjerer ein ny person som sekretær for Strunkeveko. Det er grunnen til at me annonserer etter ny sekretær for Strunkeveko i dette nummeret av Låt o' Link.

Også Den norske folkemusikkscena har sagt seg interessert i å ha ein fast kontaktperson i Valdres, som kan ordne det praktiske når Folkemusikkscena ynskjer å ha konsertar her. Dersom me får utvida stillingsbitane til Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko, noko me arbeider med, kan Folkemusikklaget kanskje få to tilsette i 50–60 % stilling om ikkje altfor lenge.

Styret i Folkemusikklaget har elles sagt ja til å ha Munnharpefestivalen her neste haust, og vidare arbeider me med å få tak i ny leiar for hovudnemnda og andre nemndsleiarar til Jørn Hilme-stemnet, leiarar til hovudnemndene for Landskappleiken og ikkje minst dugnadsarbeidarar til alle desse stemna. Me blir ikkje arbeidslause!

Aud

SUSANNE LUNDENG KJEM TIL VANG!

Laurdag 24. januar går vegen til Vang, nærmare bestemt Åsvang.

Då kjem Susanne Lundeng med band for å halde konsert.

Dette har vi prøvd å få til i fleire år, og no er alt planlagt og dei kjem til Valdres for fyrste gong.

Alle kjenner sjølvsagt Susanne Lundeng, og ho er no endå betre enn før.

Tysdag 20. januar lanserer gruppa si nyaste plate, og den har ho med seg.

Så set av laurdag den 24. januar for ein forrykande konsert på Åsvang!



Anne Eidsaa Hamre spelar langeleik

STRUNKEVEKO TRENG SEKRETÆR

Strunkeveko er eit sommarkurs i folkemusikk for barn og unge, og skal vera på Valdres folkehøgskule 18.–23.7.2004. Valdres Folkemusikklag står bak kurset, i samarbeid med Norsk musikkråd – Oppland.

Stillinga er i fyrste omgang eit engasjement på 20 % frå 1.1.04–1.10.05. Det kan bli aktuelt å utvide stillingsprosenten og forlengje engasjementet.

Sekretæren skal ha økonomistyring og førebu det praktiske rundt Strunkeveko saman med ei styringsgruppe, og må difor vera van med kontorarbeid. Han/ho må vera omgjengeleg og samarbeidsvillig, ha god kontakt med ungdom og vera villig til å ha fleksibel arbeidstid. Hovudtyngda av arbeidsinnsatsen må skje i tidsrommet april-juli. Lønn etter erfaring og kvalifikasjonar.

Spørsmål kan rettast til Aud Søyland, tlf. 61 36 25 56, eller til Solveig Hårdnes, tlf. 61 36 46 71.

Legg ved oversikt over relevant utdanning og praksis. Søknaden skal sendast til Valdres Folkemusikklag, Tyinv. 27, 2900 Fagernes, innan 31.12.03.

PRIMSTAV/KURS

Januar

| | | | |
|--------------------|------------------------|-------|--------------------------------|
| Fredag 2. | Fredagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 21 |
| Torsdag 8. | Langeleik | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Syndag 11. | I valdrestakt | Vfl | Kulturhuset Fagernes kl. 19–21 |
| Onsdag 14. | Springartreff | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Torsdag 15. | Hardingfele | ØS | Spelemannstogo kl.19 |
| Syndag 18. | Song | ØS | Spelemannstogo kl.19 |
| Syndag 18. | Dans | ØS | Spelemannstogo kl. 20 |
| Onsdag 21. | Springartreff | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Torsdag 22. | Langeleik | VS | Sjukeheimen Vestre Slidre |
| Laurdag 24. | Susanne Lundeng | | Åsvang i Vang |
| Syndag 25. | I valdrestakt | Vfl | Kulturhuset Fagernes kl. 19–21 |
| Onsdag 28. | Springartreff | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Torsdag 29. | Hardingfele | ØS | Spelemannstogo kl.19 |
| Fredag 30. | Årsmøte | VS | Røn skule kl. 20 |

Februar

| | | | |
|-------------|---------------|-------|--------------------------------|
| Syndag 1. | Song | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Syndag 1. | Syndagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 20 |
| Onsdag 4. | Springartreff | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Torsdag 5. | Langeleik | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Fredag 6. | Fredagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 21 |
| Syndag 8. | I valdrestakt | Vfl | Kulturhuset Fagernes kl. 19–21 |
| Onsdag 11. | Springartreff | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Torsdag 12. | Hardingfele | ØS | Spelemannstogo kl.19 |
| Laurdag 14. | Yngretreff | ØS/Vå | Skrautvål skule |
| Syndag 15. | Song | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Syndag 15. | Syndagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 20 |
| Onsdag 18. | Runddans | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Syndag 22. | I valdrestakt | Vfl | Kulturhuset Fagernes kl. 19–21 |
| Onsdag 25. | Runddans | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Torsdag 26. | Langeleik | VS | Sjukeheimen Vestre Slidre |
| Torsdag 26. | Hardingfele | ØS | Spelemannstogo kl.19 |
| Syndag 29. | Song | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Syndag 29. | Syndagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 20 |

Valdreskvelven har spele- og dansekveldar på Åsvang for alle frå 0 til 100 annankvar tysdag fram til påske. Hardingfele frå kl. 18, halling og langeleik 19–20, kaffi og dans 20–21. Start ikkje bestemt enno.

Begnaljom har speløvingar ein kveld i månaden. Dei yngste begynner kl. 18, og ”overlappar” med dei eldre etter kvart som dei kjem. Datoane er ikkje fastsette i skrivande stund.

Song og leikarring for barn 4–7 år, laurdagar kl. 11.00–12.00 i Spelemannstogo på Herangtunet i Øystre Slidre. Start i januar/februar. Fleire instruktørar. Spørsmål, ring Marit (61 34 04 77/480 36 554).

Mars

| | | | |
|-------------|----------------|-------|--------------------------------|
| Onsdag 3. | Runddans | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Torsdag 4. | Langeleik | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Fredag 5. | Årsmøte | Vå | Frydenlund, Aurdal, kl. 19 |
| Fredag 5. | Fredagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 21 |
| Laurdag 6. | Folkepøbb | VS | Fossheim Hotell |
| Syndag 7. | I valdrestakt | Vfl | Kulturhuset Fagernes kl. 19–21 |
| Onsdag 10. | Runddans o. a. | S/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Torsdag 11. | Hardingfele | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Torsdag 11. | Langeleik | VS | Sjukeheimen Vestre Slidre |
| Syndag 14. | Song | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Syndag 14. | Syndagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 20 |
| Onsdag 17. | Runddans | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Syndag 21. | I valdrestakt | Vfl | Kulturhuset Fagernes kl. 19–21 |
| Onsdag 24. | Dansetreff | VS/Vå | Ulnes skule kl. 19.30–22 |
| Torsdag 25. | Hardingfele | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Syndag 28. | Song | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Syndag 28. | Syndagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 20 |

April

| | | | |
|-------------|-------------|----|-----------------------|
| Fredag 2. | Fredagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 21 |
| Onsdag 7. | Påskefest | ØS | Herangtunet kl. 20 |
| Torsdag 15. | Langeleik | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |

Laurdag 17. Lokalkapleik/runddansstemne, Sør-Aurdal

| | | | |
|-------------|---------------|-----|---------------------------------|
| Syndag 18. | Song | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Syndag 18. | Syndagsdans | ØS | Spelemannstogo kl. 20 |
| Torsdag 22. | Hardingfele | ØS | Spelemannstogo kl. 19 |
| Syndag 25. | I valdrestakt | Vfl | Kulturhuset Fagernes? kl. 19–21 |
| Torsdag 29. | Langeleik | VS | Sjukeheimen Vestre Slidre |

Kurs

Torsdagar 8.1.–5.2.Kl. 18–21 Toradar (framhald) Bergsbakken skule, Etnedal (E/Vå)

Torsdagar 15.1.–25.3. Halling Gamle Fagernes skole, påmelding Ole Aastad Bråten, 907 63 635 (Vå)

Onsdagar 18.2.–17.3. Runddanskurs Ulnes skule kl. 19.30–22, påmelding Knut Aa.B., 907 68 797 (VS/Vå)

Toradar, nybegynnarar: Påmelding Gunnar Gjevne tlf. 613 42 384 (ØS)

Toradar, vidarekomne: Kontakt Ingrid Rogne, tlf. 613 42 250 (ØS)

Hardingfele speløvingar: Kontakt Gunnar Kværne Amundsen, tlf. 971 85 725 (Vå)

Lått og leven – samøving, song og dans for folkemusikkelevane i musikkskulen i Øystre Slidre, og for vener og andre interesserte, 7–15 år. Ein kveld i månaden. Start i januar. Fleire instruktørar. (Spørsmål, ring Marit (61 34 04 77/480 36 554).

KJEKT Å JOBBE FOR HILME-STEMNET

Aud ville at eg skulle skrive noko om kor kjekt det er å jobbe for Hilme-stemnet. Ja, du trudde kanskje ikkje at det er moro? Vel, feil, det er grådig moro. Som medlem av styret får du store og spanande utfordringar. Du får lage budsjett og søknader til Norsk kulturråd, til kommunar, region og fylke, du får ta del på nasjonale seminar i lag med andre norske kulturaktørar, du er med på å legge føringar for korleis den største kulturfestivalen i Valdres og



den største reindyrka norske folkemusikkfestivalen skal sjå ut i framtida, og du får bestemme konsertinnhaldet på stemnet. Og... du får ikkje fem flate øre for dette, men ein gulost frå Fodnes/Opedal heimeysteri (som smakte særst bra). Dersom du heller kan tenkje deg å vera frivillig under sjølve stemnet, kan vi også lokke med artige oppgåver og luseløn. No vart vel alle overbeviste om kor kjekt det er?

Vidare var det veldig kjekt at Solveig akkurat kunne melde at stemnet i 2003 gjekk med ca. 20 000 i overskot, noko som kjem i tillegg til at Folkemusikklaget har fått 25 000 i dugnadskompensasjon, og at vi har betalt siste avdrag på det framtidige dansegolvpet på museet (30 000,-). Pengane kjem godt med til gjennomføringa av neste års stemne.

Vi kan ikkje å gå ut med programmet for 2004 enno, men hovudinnhaldet blir som tidlegare; med konsertar, kurs, masterclass, dans og utstilling. Vi har fått ein del innspel til forbetringar. Mange bygdefolk synest det er for trengt på Slidrehuset laurdagskvelden. Vi kjem difor særleg til å prioritere eit større dansegolv til runddansen, og at det blir eit betre runddanstilbod også fredag. Det fungerte elles bra å ha springar på Slidrehuset fredag og i pausane laurdag. Stemnet blir i veka 19.–25. juli.

Men vi må tenkje lenger framover enn til 2004. Med utgangspunkt i Hilme 2004 må vi tenkje på korleis vi vil ha stemnet i 2010. Korleis når vi dette målet? Kven er målgruppene våre? Kort sagt, ein strategi for å møte framtida. Vidare må vi kanskje profesjonalisere fleire sider av stemnet, slik som lys, lyd, scene og andre tekniske tenester. Dette er oppgåver som profesjonelle krefter kan gjera betre enn dei frivillige.

For å gjera det endå meir kjekt å jobbe frivillig med stemnet har vi til slutt foreslått for Vfl at vi utvidar stillinga til dagleg leiar til 50 %.

*For Jørn Hilme-stemnet
Frode*

EI LITI HISTORIE FRÅ SKAMMESTEIN:

Dæ va'n Tølleiv o Jøtin so va so rivande uførlikte. Dei beist so trast dei såg inan. Men so jikk dæ slek dæ pla gå, dei vart gamle. Te slutte so rauk no Jøtin te, o ette likfer'n so va dæ ein so sa dæ ve'o Tølleiv:

- Ja, du synst vøl dæ æ gøtt no, Jøtin æ komin i jorde?
- Pøh! Gjort e rettigt, ha e grave'n upp att o dengt'n! sa'n Tølleiv.

Han Tølleiv va minst i ein stor ungeflokk. Både mor o far hass va gøtt teårskomne ner han kom te. Far hass va endåte sengiliggjand. So dei lurde på dæ, då, nabokjeringadn, kem so va far åt dessa minste unga. Då sa mor hass Tølleiv dæ slek:

- Dæ vart so grusst her i vår, då måta. Då vilde'n Ola at e sku koma ut i senge åt hono. Men ha e visst kost dæ ha vørte, kunna dæ fan vøre!

I VALDRESTAKT

Her kjem ein liten ”rapport” frå aktiviteten i haust. Me har halde fram med springaren, samtidig som me har begynt å ta for oss runddansane i tur og orden. Me held framleis til i kantina på kulturhuset, Fagernes. Det har vore temmeleg bra oppmøte, og ein positiv og ivrig gjeng tek til å trø fram.

Ei styringsgruppe for I valdrestakt er nesten klar; me manglar berre ein person. Dei som har sagt ja så langt, er: Lise Lunde Brennhagen, Åshild Håvelsrud, Kari Grøslund og underteikna for VfI.

Når styringsgruppa er fulltalig, vil me begynne å planleggje ein tur til sommaren. Me er alle einige om at det kunne vera eit godt alternativ eller tillegg til landskappleiken. Bergljot Hedda Lunde forhøyrer seg i Sverige for tida. Det hadde vore passe langt, og kanskje er det ungdomsgrupper i om lag same alder som oss. Turen treng ikkje nødvendigvis gå ut av landet heller. Det hadde vore hyggeleg å reise til stemne/festivalar her i landet og.

Elles har me eit ynske om at lokallaga engasjerer seg meir i det me driv med. Me kan telje på ei hand dei som har vore innom eller teke kontakt på noko vis. Målet no blir å få ”instruktørar” og spelemenn frå alle lokallag til å ta i eit lite tak. Det er ein positiv og ivrig gjeng som møter fram, og me har det moro! I valdrestakt er vel den einaste plassen som samlar ungdommar frå alle lag i Valdres – det er me stolte av.

Velkomen innom Valdrestakt på nyåret. Datoane for dansekveldane våre finn de i primstaven. Ha ei triveleg jul og eit godt nyttår!

Tone Voldhaug

NY FOLKEMUSIKKARKIVAR

Elisabeth Kværne er tilsett som ny folkemusikkarkivar ved Valdres Folkemuseum. Det var tolv søkjarar til stillinga, og fire var inne til intervju. Elisabeth treng vel ingen nærare presentasjon i Folkemusikk-Valdres; ho har markert seg som ein framifrå langeleikutøvar og ein dyktig medlem i ulike sentrale råd og utval som har hatt mykje å seia for folkemusikken. Ho begynner i stillinga 1.2.2004.

Jan Beitoaugen Granli har vikariert i stillinga sidan 2001, og held fram til Elisabeth overtek.

Folkemusikklaget vil nytte høvet til å takke han for den gode innsatsen han har gjort i arkivet.

ÅRSMØTET I LfS

Landslaget for Spelemenn hadde årsmøte på Voss **8.-9. november**. Jan Beitoaugen Granli representerte Valdres Folkemusikklag.

Eit av dei store ”stridsemna” i LfS for tida er om ein skal gi opp poengsummar og premiegrad på resultatlistene frå kappleikane. LfS har sett ned ein komité som skal vurdere dette. Randi Skeie Ljones held fram som leiar i LfS. For oss valdrisar er det kanskje av spesiell interesse å vita at Frode Rolandsgard er komen inn på fast plass i styret.

Årspengane til LfS går opp frå neste år, med 10 kr for barn (frå 15 til 25 kr) og 20 kr for vaksne (frå 80 til 100 kr).

Elles har styret føreslått at Landslaget for Spelemenn bør skifte namn, og diskusjonen er i full gang. Kanskje har du eit godt framlegg? Send det i så fall til styret i LfS, Tollbug. 28, 0157 Oslo.

Berre den beste musikken er bra nok i jola. Den perfekte jolegáva finn du difor hjå ta:lik. Vi har i 2003 laga tre nye CD-ar med Valdresmusikk. Platene er tilsals på internett, og hjå lokale musikkforhandlarar.



ta:lik

www.talik.no

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardsbrukarar,

- Bolighus
- Driftshygge
- Løsre
- Høstlyr
- Traktører
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidsbøtter
- Motorsykkel / snøsped
- Reiseforsikring
- Verdigjenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
 Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
 Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
 Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
 Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

B

NYTTIGE NAMN OG NUMMER

| Lag | Leiar | Telefon | Mobiltf. | E-post |
|--|-----------------------|-----------------|------------|------------------------------|
| Begnaljom spel- og dansarlag | Inger Mari Sørum | 61 34 82 92 (p) | | inger.soerum@hig.no |
| Etnedal spel- og dansarlag | Ellen Wiborg Sanderud | 61 12 11 94 (p) | 908 90 878 | elwi51@start.no |
| Valdreskvelven spel- og dansarlag | Kari Hagaseth | 61 36 82 27 (p) | | |
| Valdreslaget i Oslo | Elisabeth Bring | 22 13 79 64 (p) | | elisabeth.bring@c2i.net |
| Vestre Slidre spel- og danselag | Astrid Olga Bråten | 61 34 33 14 (p) | 900 64 316 | astrid.braaten@sensewave.com |
| | | 61 35 93 06 (a) | | |
| Vårflaumen spel-og dansarlag | Ole Aastad Bråten | | 907 63 635 | aastadguten@hotmail.com |
| Øystre Slidre spel- og dansarlag | Stian Roland | | 907 22 690 | rolandstian@hotmail.com |
| Valdres Folkemusikklag | Oddrun Hegge | 61 36 56 52 (p) | 971 76 868 | audrun@frisurf.no |
| VFL, dagl. leiar | Solveig Hårdnes | 61 36 46 71 | | vfl@sensewave.com |
| Jørn Hilme-stemnet, dagleg leiar | Solveig Hårdnes | 61 36 46 71 | | vfl@sensewave.com |
| Strunkeveko | Aud Søyland | 61 36 25 56 | 990 37 584 | aud.soyland@eunet.no |
| Landslaget for Spelemenn | Randi Skeie Ljones | 61 26 10 42 (p) | 995 22 538 | |
| Landslaget for Spelemenn, dagl.l. | Magnar Sundt | 22 42 45 30 | 950 85 647 | lfs@folkemusikk.no |

Kontortid

Solveig har kontortid måndag og onsdag kl. 9–15. (I tillegg har ho noko som heiter fleksibel arbeidstid, og det inneber Jørn Hilme-møte om sundagar, strunkemøte i middagstida og styremøte i Folkemusikklaget til kl. 23 om kvelden...)